

Therese Hauger vil vere vår rådmann



Tokke kommunestyre tilsette i går 12. Aug. 2009
Therese Hauger som ny rådmann i Tokke kommune.

Therese Hauger, f. 1961, jobbar for tida som forsknings- og utviklingsleiar ved Høgskulen i Telemark. Ho har utdanninga si frå Universitetet i Bergen med hovudfag i kunsthistorie. Vidare har ho eksamen i organisasjonspsykologi , personalleiing og kompetanseutvikling frå Handelshøgskulen i Bergen.

Therese har røynsle frå jobbar både i kommunal og fylkeskommunal sektor. Ho har mellom anna vore direktør for Hordamuseet i Bergen i fleire år og vore nestleiar for bymuseet i Bergen. Vidare har ho jobba innanfor fylkeskommunal forvaltning som distriktskonservator i Troms og i Vest-Telemark. Ho har og jobba som høgskulelektor ved Høgskulen i

Telemark ei tid.

Då Therese jobba som distriktskonservator i Vest-Telemark jobba ho med prosjekt på Vest-Telemark museum og hadde faktisk kontor på kulturetaten på kommunehuset.

No kjem Therese attende til kommunehuset, men denne gongen som rådmann. Dette fortel oss at Therese har vorte glad i Vest-Telemark, noko ho stadfestar. Ho set pris både på menneska som lever her og synsast både kulturen og naturen her er særst flott.

Fyrste oktober tek me imot våre nye rådmann. Me ser fram til å bli kjend me ei aktiv vestlending som gjev uttrykk for at ho trivst godt når ho har mykje å gjera, - og mykje arbeid, det kan me love deg Therese!

Me gratulerer Therese med stillinga som ny rådmann i Tokke kommune og gler oss til å ta fatt på oppgåvene saman med deg når du kjem!

Velkommen

På vegne av dei tilsette i Tokke kommune

Tove Palmork Haavelmoen

Konst. personalsjef.